



NOREGS HØGSTERETT

Den 26. juni 2025 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Høgetveit Berg, Thyness og Sæther i

HR-2025-1220-U, (sak nr. 25-081663STR-HRET), straffesak, anke over dom:

A (advokat Bendik Falch-Koslung)

mot

Påtalemakta

gjort slikt

V E D T A K :

A, født 00.00.2002, har anka Gulating lagmannsretts dom 19. mars 2025 i sak nr. 24-168024AST-GULA/AVD1. Anken over straffedommen gjeld rettsbruken. I tillegg er det kravd ny handsaming av skadebotkravet.

Høgsteretts ankeutval viser til at anke til Høgsterett ikkje kan fremjast til handsaming utan samtykke frå ankeutvalet. Utvalet kan berre samtykke når anken gjeld spørsmål som har noko å seia utanfor den aktuelle saka, eller andre tilhøve gjer det særleg viktig at anken blir handsama av Høgsterett, jf. straffeprosesslova § 323 fyrste ledd fyrste og andre punktum.

Ankeutvalet tillét at anken blir fremja.

Utvalet legg til at dersom anken fører fram, vil det også verke inn på avgjerda av det sivile kravet.

S L U T N I N G

Anken over straffedommen blir tillaten fremja til handsaming i Høgsterett.

Kravet om ny handsaming av skadebotkravet vil fyrst bli vurdert av ankeutvalet når fristane etter straffeprosesslova § 434 femte ledd er ute.

Erik Thyness
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)

Knut Erik Sæther
(sign.)